



Meland kommune

Lindås kommune
Postmottak, Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/2256 - 16/18493

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
26.09.2016

Førebuaende fellesnemnd - oppfølging av vedtak om å etablere ein ny kommune frå 01.01.20

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:
Lindås kommune, Radøy kommune

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 026, TI - &23	16/2256

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
74/2016	Kommunestyret	PS	21.09.2016

Førebuaende fellesnemnd - oppfølging av vedtak om å etablere ein ny kommune frå 01.01.20

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunane Radøy, Meland og Lindås gjorde følgjande vedtak i respektive kommunestyrer 22. juni 2016:

1. Kommunestyret godkjenner framlegget til søknad om å slå saman kommunane Lindås, Meland og Radøy (vedlegg 1).
2. Kommunestyret godkjenner forhandlingsutvalet sin intensjonsavtale (vedlegg 2) som grunnlag for samanslåing av kommunane Lindås, Meland og Radøy.

I kapittel 11 «Vegen vidare» i intensjonsavtala står det mellom anna:

«For å sikra framdrift i prosessen etter vedtaket i juni vil Forhandlingsutvalet arbeida med å førebu samanslåing og koordinera samarbeidet mellom kommunane fram til Fellesnemnd er valt (jf. Inndelingslova). Arbeidstakarane skal velja ein representant frå kvar kommune som skal delta i Forhandlingsutvalet.»

Det var føresett i intensjonsavtalen at forhandlingsutvalet skulle fungera fram til fellesnemnda var oppretta.

Det er i etterkant av vedtaket kome ønskje frå ordførarane i samråd med Fylkesmannen om det vidare arbeide med kommunesamanslåinga bør skje innanfor dei rammene for fellesnemnda som er gitt i Inndelingslova.

Fellesnemnda skal etter intensjonsavtalen kapittel 11 ha følgjande samansetning:

«Når Stortinget har fatta vedtak om at kommunar kan slå seg saman skal det opprettast ei Fellesnemnd (Inndelingslova § 26). Fellesnemnda for Nordhordland kommune skal ha 21 medlemmar, med fem frå Radøy, seks frå Meland og ti frå Lindås.

Det skal også veljast varamedlemmer til nemnda.»

Dei tilsette sine rettar vert etter same kapittel i intensjonsavtalen ivareteke av eit partsamansett utval:

«Det vert oppretta eit partsamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet skal bestå av fellesnemnda sine medlemmer og to arbeidstakarrepresentantar frå kvar kommune. Desse skal peikast ut av dei tilsette sine organisasjonar.»

Utgreiing

Forhandlingsutvalet har avslutta sitt arbeid med intensjonsavtalen. Det har resultatert i ein søknad frå Radøy, Meland og Lindås om å slå kommunane saman. Dette har vert ein heilskapleg prosess som har vore styrt på same måte gjennom heile prosessen.

Kommunesamanslåinga går no over i ein ny fase der ein skal starte arbeidet med å byggje den nye kommunen. Det vil vere ein fordel for denne prosessen om den kan verte styrt at det same politiske organet og etter same prinsipp i heile denne fasen.

Det er store prinsipielle forskjellar på korleis prosessen vert styrt gjennom forhandlingsutvala, og korleis prosessen vert styrt gjennom fellesnemnda. Forhandlingsutvala opptre på vegne av kvar einskild kommune og må tilbake til eigen kommune for å forankre og gjere endelege vedtak. Fellesnemnda vil ha ei ståanda fullmakt gjennom eit felles reglement, vedtatt av kvar einskild kommune, og kan til ei kvar tid ta avgjerder innanfor denne fullmakta. Fellesnemnda tar prinsipielt avgjerder på vegne av den nye kommunen som ein heilskap, og ikkje for kvar einskild kommune. Forhandlingsutvala har fungert godt når målet i prosessen har vore å kome fram til ein felles intensjonsavtale for dei tre kommunane.

Kommunestyra i dei tre kommunane kan gi dei same fullmaktene til ei førebels fellesnemnd som Inndelingslova gir den endelege fellesnemnda. Dette inneber at fellesnemnda kan drive sitt arbeid uavhengig om fullmaktene kjem frå kommunestyra direkte eller gjennom forankringa i Inndelingslova.

Kommunestyra bør gi den førebelse fellesnemnda dei same fullmaktene og arbeidsoppgåvene som er omtala i Inndelingslova § 26. Vidare bør kommunestyra vurdere kva andre fullmakter og oppgåver ein ønskjer å delegere gjennom eit eige reglement. (Inndelingslova § 26 4. ledd: «Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga.»)

Det er allereie gitt føringar for oppretting av fellesnemnda i intensjonsavtalen, og desse må leggest til grunn også for etablering av den førebelse fellesnemnda.

Vurdering

Forhandlingsutvala frå dei tre kommunane hadde eit møte onsdag 7 september det det vart gjort slik vedtak:

1. *«Forhandlingsutvalet avsluttar arbeidet med kommunereforma.*
2. *Forhandlingsutvalet ber kommunestyra opprette ei førebels fellesnemnd som overtek arbeidet som etter intensjonsavtalen er lagt til forhandlingsutvalet.*
3. *Kvar kommune vert bedne om å førebu arbeidet med å velje representantar til førebels fellesnemnd. Denne bør ha same samansetning som endeleg fellesnemnd.»*

I møtet vart kommunane samde om å kome tilbake til kommunestyra med sak om mandat og framdriftsplan for «Førebuande fellesnemnd» etter at dette har vore oppe til drøfting i nemnda.

I intensjonsavtalen står det ikkje noko om at varmedlemmene skal vere personlege. Dersom ein skal fylgje vanleg praksis for varamedlemmer vil dette vere naturleg også her. Rådmann legg difor til grunn av varamedlemmene er personlege.

Det vert og lagt opp til eit felles samling for kommunastyra i dei tre kommunane Meland, Lindås og Radøy, torsdag 27. oktober frå kl 18 og utover. Dette for å markere vedtaket om å byggje ny kommune. Vi kjem attende til stad for samlinga. Det vert ikkje lagt opp til handsaming av konkrete saker på denne samlinga. Programmet er ikkje klart, men vil bestå av faglege innlegg, kulturelle innslag og matsservering.

Konklusjon

Kommunestyret i Meland oppnemner ei «Førebuande fellesnemnd», slik at prosessen med å byggje ny kommune kan kome i gang allereie no i haust.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret vedtek å etablere ei «Førebuande fellesnemnd» som skal starte arbeidet med å førebu etableringa av ein ny kommune og koordinere samarbeidet mellom kommunane fram til den formelle Fellesnemnda er oppnemnd i samsvar med Inndelingslova.

«Førebuande fellesnemnd» vert vald av kommunestyret sine representantar i dei tre kommunane, Meland, Lindås og Radøy og får slik samansetjing:

Frå Meland kommune: 6 representantar + 6 varamedlemmer

Frå Lindås kommune: 10 representantar + 10 varamedlemmer

Frå Radøy kommune: 5 representantar + 5 varamedlemmer

Frå Meland kommune vert desse valde som medlemmer:

1

2

3

4

5

6

Desse vert valde som personlege varamedlemmer:

1

2

3

4

5

6

Kommunestyret - 74/2016

KS - behandling:

Valnemnda si innstilling til medlemmer i den førebelse fellesnemnda:

Representant:

Øyvind Oddekalv

Nils Marton Aadland

Sigmund Larsen

Anne Grete Eide

Sølvi Knutsen

Marit Samnøy Jøssang *Dissens*

Karina Garnes Reigstad *Dissens*

Personleg vara:

Kjersti Vikebø Nesse

Mabel Johansen

Øyvind Bratshaug

Tormod Skurtveit

Per Kristian Holmetun

Stian Lavik

Marit Jøssang fekk 4 stemmer: AP – H – SP – KRF

Karina Garnes Reigstad fekk 2 stemmer: FRP – MDG

Framlegg til tillegg frå Øyvind H. Oddeklav, AP:

- Tillitsvalte frå Meland kommune vel to medlemmer til partssamansett utval.
- Arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som vert vedteke i dei tre kommunestyra i eit seinare møte.

Sigmund Larsen trekte sitt kandidatur og fremja forslag på Øyvind Bratshaug som representant.

Som personleg vara for Øyvind Bratshaug fremja han Henriette Fennelly.

Avrøysting:

Framlegg frå valnemnda med ovannemnde endring vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Øyvind Oddekalv vart samrøystes vedteke.

Marit Samnøy Jøssang *dissens*
Karina Garnes Reigstad *dissens*

Det vart kravd skriftleg avrøysting mellom dei to kandidatane der det er dissens.

Leif Johnsen og Erling Rønnestad vart oppnemnd som teljekorps.

Marit Samnøy Jøssang fekk 10 røyster
Karina Garnes Reigstad fekk 17 røyster.

"Karina Garnes Reigstad er vald som representant."

Framlegg til endring frå Karina Garnes Reigstad, MDG:

"Silje Ingelin Sæterstøl går inn som vara i standen for Stian Lavik."

Det vart kravd skriftleg avrøysting.

Leif Johnsen og Erling Rønnestad vart oppnemnd som teljekorps.

Stian Lavik fekk 16 røyster.
Silje Ingelin Sæterstøl fekk 11 røyster.

"Stian Lavik er vald som personleg vara for Karina Garnes Reigstad."

KS - vedtak:

«Kommunestyret vedtek å etablere ei «Førebuande fellesnemnd» som skal starte arbeidet med å førebu etableringa av ein ny kommune og koordinere samarbeidet mellom kommunane fram til den formelle Fellesnemnda er oppnemnd i samsvar med Inndelingslova.

- Tillitsvalte frå Meland kommune vel to medlemmer til partssamansett utval.
- Arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som vert vedteke i dei tre kommunestyra i eit seinare møte.

«Førebuande fellesnemnd» vert vald av kommunestyret sine representantar i dei tre kommunane, Meland, Lindås og Radøy og får slik samansetjing:

Frå Meland kommune: 6 representantar + 6 varamedlemmer

Frå Lindås kommune: 10 representantar + 10 varamedlemmer

Frå Radøy kommune: 5 representantar + 5 varamedlemmer

Frå Meland kommune vert desse valde som medlemmer:

1 Øyvind H. Oddekalv

2 Nils Marton Aadland

3 Øyvind Bratshaug

4 Anne Grete Eide

5 Sølvi Knudsen

6 Karina Garnes Reigstad

Desse vert valde som personlege varamedlemmer:

1 Kjersti Vikebø Nesse

2 Mabel Johansen

3 Henriette Fennelly

4 Tormod Skurtveit

5 Per Kristian Holmetun

6 Stian Lavik"